



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Rådhuset Tysnes kommune  
**Dato:** 23.05.2019  
**Tidspunkt:** 10:00 – 11:45

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Britt Sørensen Dalsgård	Leiar	AP
Lorentz Lunde	Nestleiar	KRF
Patrick Russel Madsen	Medlem	AP
Kirsten Gunn Epland	Medlem	H

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Magne Ivar Fauskanger	Medlem	Uavhengig

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Forfall blei meldt så seint (same dag somm møtet), at det ikkje ver tid til å kalla inn vararepresentant

**Merknader**

**Andre som møte:**

Navn	Stilling
Bjarne Ryland	Partner/reknesk.rev. Deloitte – i heile møtet
Steinar Dalland	Rådmann – i PS 21/19 og PS 22/19
Rolf Johan Lunde	Økonomisjef – i PS 22/19
Aud Kaldefoss	Oppvekstsjef – i PS 21/19
Kåre Malvin Kleppe	Ordførar – i heile møtet
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar Hordaland fylkeskommune – i heile møtet
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – i heile møtet

Britt Sørensen Dalsgård  
utvalgleiar

Kari Marie Nygard  
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 19/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 20/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 21/19	Orienteringssak om oppfølgingarbeid etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste		2018/27
PS 22/19	Årsrekneskap og årsmelding 2018 for Tysnes kommune - uttale frå kontrollutvalet		2016/73
PS 23/19	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Tysnes kommune		2016/71
PS 24/19	Revisjonsplan 2018 for Tysnes kommune		2016/73
PS 25/19	Referatsaker		
RS 11/19	Mail vedr. revidert prosjektplan og bestilling - melding til kontrollutvalet		2019/21
RS 12/19	Revidert / endeleg prosjektplan - kapasitet og etterleving av rutinar og regelverk i pleie- og omsorgstenestene - melding til kontrollutvalet		2019/21
RS 13/19	Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon april 2019		2019/13
RS 14/19	Referat frå rep-skapsmøte Samarbeidsrådet 05.04.19		2015/208
PS 26/19	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/200
PS 27/19	Revisjonstenester for kommunen - fullmakt til kontrollutvalet for å starte prosess med konkurranseutsetting		2014/256
PS 28/19	Eventuelt		

## **PS 19/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.05.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Det kom ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

#### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste blei samrøystes godkjent.

## **PS 20/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.05.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Det var ingen merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 01.04.19

#### **Vedtak:**

Møteprotokoll frå kontrollutvalet sitt møte 01.04.19 blei samrøystes godkjent.

## **PS 21/19 Orienteringssak om oppfølgingarbeid etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste så langt til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om ny orientering om stoda i arbeidet vert lagt fram innan .....

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.05.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Utvalsleiar innleia med opplysning om at det er kome inn eit brev til kontrollutvalet. Brevet kom til utvalsleiar utpå dagen 21.05.19, og blei vidaresendt til sekretariatet 22.05.19. Sekretariatet orienterte om korleis kontrollutvalet burde handsame brevet og at det ikkje er grunnlag for å unnta det frå offentlegheit. Brevet blei sendt ut til kontrollutvalet på mail på ettermiddag 22.05.19, med kopi til rådmann og ordførar.

Rådmann orienterte så om stoda for oppfølgingsarbeidet. Oppvekstsjef Aud Kaldefoss var og tilstades under handsaminga av saka. I møte i tenesteutvalet 29.01.19 blei det handsama sak om «prosjektmandat for helsestasjon, skulehelseteneste og svangerskapskontroll – internkontroll», og det blei gjort vedtak om tidsramme for ferdigstilling av arbeidet. Rådmann opplyste at ein ligg omlag eit halvt år på etterskot i dette arbeidet og at det mellom anna skuldast sjukemeldingar og skifte av personell.

Rådmann kommenterte og forklara også nokre av punkta i det innkomne brevet og kontrollutvalet fekk koma med kommentarar og spørsmål, som blei svara på. Konklusjon etter drøfting er at kontrollutvalet ønskjer ei ny orienteringssak til neste møte som er 19.09.19. Til dette møtet ber utvalet om at det vert lagt fram handlingplan for oppfølgingsarbeidet. Brevet som er kome inn til kontrollutvalet vert lagt ved saka. Vedtak som blei fatta var samrøystes.

#### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste så langt til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at ny orientering om stoda i arbeidet vert lagt fram til neste møte i kontrollutvalet 19.09.19.

## **PS 22/19 Årsrekneskap og årsmelding 2018 for Tysnes kommune - uttale frå kontrollutvalet**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Tysnes kommune sin årsrekneskap for 2018.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.05.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Økonomisjef Rolf Johan Lunde presenterte rekneskap for 2018. Ansvarleg revisor Bjarne Ryland kommenterte revisjonsmelding og revisjonsrapport. Årsmeldinga som er lagt fram av rådmann blei ikkje kommentert ut over at den er utforma på ein god måte. Kontrollutvalet drøfta og kommenterte rekneskapssaka. Det kom ikkje forslag til endringar i uttalen om rekneskapen og forslag til vedtak blei samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Tysnes kommune sin årsrekneskap for 2018.

## **PS 23/19 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Tysnes kommune**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Tysnes kommune, til etterretning.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.05.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Erklæring frå revisor om uavhengigheit blei presentert og kort gjennomgått. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Tysnes kommune, til etterretning.

## **PS 24/19 Revisjonsplan 2018 for Tysnes kommune**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen for 2019 frå Deloitte AS til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.05.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Ansvarleg revisor Bjarne Ryland presenterte revisjonsplan. Forslag til vedtak blei samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar revisjonsplan for 2019 frå Deloitte AS til orientering.

## **PS 25/19 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.05.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Desse referatsakene blei handsama i møtet:

- RS 11/19 – Mail vedr. revidert prosjektplan og bestilling – melding til kontrollutvalet.  
Gjennomgått og teke til orientering.
- RS 12/19 – Revidert / endeleg prosjektplan – kapasitet og etterleving av rutinar og regleverk i pleie- og omsorgstenestene – melding til kontrollutvalet.  
Under denne saka refererte sekretariatet kort om melding frå Deloitte om at arbeidet med

prosjektet har starta opp og er så langt i tråd med tidsplan. Kontrollutvalet tok dette til orientering.

- RS 13/19 – Forum for kontroll og tilsyn – Medlemsinformasjon april 2019.  
Teke til orientering.
- RS 14/19 – Referat frå representantskapsmøte Samarbeidsrådet 05.04.19.  
Teke til orientering.  
Referatsakene blei samrøystes teke til orientering.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek referatsakene til orientering.

## **PS 26/19 Gjennomgang av møteprotokollar**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.05.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Aktuelle møteprotokollar blei gjennomgått og nokre saker blei kommentert. Det var ingen saker ein ville be om meir informasjon om på nåverande tidspunkt. Forslag til vedtak blei samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

## **PS 27/19 Revisjonstenester for kommunen - fullmakt til kontrollutvalet for å starte prosess med konkurranseutsetting**

### **Forslag til innstilling**

Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse for kjøp av revisjonstenester. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2020. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- a. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument.
- b. Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.
- c. Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor,

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.05.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Sekretariatet orienterte i saka og informerte om prosess som må starta nå, med konkurranseutsetting av revisjonstenester. Kontrollutvalet hadde ikkje kommentarar til saka og forslag til innstilling blei samrøystes vedteke.

#### **Innstilling:**

Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse for kjøp av revisjonstenester. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2020. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- a. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument.
- b. Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.
- c. Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor,

## **PS 28/19 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.05.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Kari Nygard opplyste at dette var hennar siste møte i kontrollutvalet i Tysnes kommune. Ho vil slutta i stillingen sin og gå av med pensjon i løpet av sommaren. Spesialrådgjevar Helge Inge Johansen vil overta sekretær-oppgåva for kontrollutvalet i Tysnes kommune til hausten.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tok opplysningane under eventuelt til orientering.